



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1385 - 18/4800

Saksbehandlar:  
Berit M.Eskeland  
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:  
06.03.2018

## Rapportering – Statleg tilskot til ekstraordinært vedlikehald, Meland kommune

Meland kommune fekk kr 2 418 000 i tilskot til ekstraordinært vedlikehald i 2017. I tillegg vart det overført 208 273 kr eks mva frå tilskotet i 2016 som ikkje var brukt opp. Per 01.01.2018 er kr 2 165 445 brukt og kr 460 828 er satt av til bunde fond i 2018. Detaljert rekneskap ligg som vedlegg.

Tilskotet er brukt på fleire prosjekt:

- Nytt ventilasjonsanlegg Marihøna barnehage,
- Maling av kommunale bygg
- Utsifting av låssystem på Rosslund skule, Grasdal skule og Meland ungdomsskule
- Nytt ventilasjonsanlegg i administrasjonsfløyen på Rosslund skule
- Rassikring av veg

Alle tiltaka var det store behov for, men det var ikkje rom for dei innanfor ordinære kommunale budsjett.

### Nytt ventilasjonsanlegg Marihøna barnehage

Eksisterande ventilasjonsanlegg var gammalt, og det var store problem med å regulere varmen i barnehagen. GK Inneklima AS skifta ut ventilasjonsanlegget og Meland Elektro AS utførte diverse elektroarbeid knytt til anlegget. Prosjektet er avslutta med ein total kostnad på 118 000 kr eks mva.

### Maling av kommunale bygg

Over tid har det blitt eit stort etterslep på utvendig vedlikehald av kommunale bygg i Meland kommune, spesielt maling. Malingsarbeidet vart lagt ut på anbod og Malermester Torgersen AS vann konkurransen. Bygga som vart malt inkluderte kommunale omsorgsbustader, sosialbustader og delar av Meland sjukeheim. Prosjektet er avslutta med ein total kostnad på 1 067 407 kr eks mva.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

#### Utskifting av låssystem på Rosslund skule, Vestbygd skule og Meland ungdomsskule

Tidlegare har alle skulane hatt ulike låssystem. Dette har gjort forvaltning og drift av bygga utfordrande med omsyn til mellom anna utleie og nøklar på avveie. Sagstad skule og Grasdahl skule har i samband med utbygging av skulane fått same låssystem, og dette låssystemet har kommunen no også fått på resten av skulane i kommunen.

Låssenteret AS vann anbodet om utskifting av låssystem. Arbeidet starta i 2017 og vil bli ferdigstilt tidleg i 2018. Per 01.01.2018 var det påløpt 257 829 kr eks mva.

#### Nytt ventilasjonsanlegg i administrasjonsfløyen på Rosslund skule

I administrasjonsfløyen på Rosslund skule har tidlegare berre vore avtrekksventilasjon. Dette har ført til at innklimaet ikkje har vore tilfredsstillande for ansatte og elevar. GK Norge AS vann anbodskonkurransen om etablering av nytt ventilasjonsanlegg. Arbeidet starta i 2017 og vil bli ferdigstilt tidleg i 2018. Per 01.01.2018 var det påløpt 210 234 kr eks mva.

#### Rassikring av veg

Fleire kommunale vegar er rasutsatt. I 2017 er det utført rassikring langs dei kommunale vegane Hoplandsvegen og Sagstadvegen. I 2018 er det i tillegg inngått kontrakt om rassikring av Røysetvegen. Rassikringa er utført av Wimo fjellsikring AS og per 01.01.2018 er det påløpt 311 356 kr eks mva.

#### Ubrukt restbeløp frå 2016-tilskotet

Kommunen hadde igjen kr 208 273 av summen i 2016 for ferdigstilling av ventilasjonsanlegget i symjehallen på Rosslund skule. I 2017 er 200 619 kr eks mva brukt til å slutføre anlegget. Arbeidet er utført av Simm AS. I tillegg Atea AS og Bedriftssystemer AS utført arbeid på prosjektet. For meir informasjon om dette prosjektet vert det vist til Meland kommune si rapportering av 2016-tilskotet.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Revisjonsuttale  
Regnskap prosjekt - Statleg tilskot

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN